Førsteblad

7

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Mo

Emne: Ard og plog Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: O. O. Bergland Gard: Bergland

(adresse): Åmdalsverk G.nr. 63 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ard er brukt frå uminnelege tider, plog seinare.

2. Sume stader vert arden bruka enno; men det er lite, berre til poketone, helst til raaking.

3. All åker vart ara eller broten, sa vi her. Dei köyrde arden berre ein veg, helst etter langsida på åkeren. Arden vart köyrd berre ein gong för såinga; men dei såg vel etter at all jord vart broten laus. Vart eit stykke av föra ståande ubrota, kalla dei det standför som tyder stiv för. Det vart rekna klen kar som braut mange standförer med arden (Aren seier vi her. Ein ar, aren, flt. arane.) Arden vart ikkje brukt til nedmylding av korn. Var åkeren litt stor, bruka dei horv. Var det ein liten lapp, bruka rive.

1925

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3. No brukar dei mykje hestehakke; men enkelte stader brukar dei ard enno. Dei bryt då fyrst ei fòr med arden (Å køyra åren i åkeren kallast: å brjota åkeren her) Når fora er sådd, bryt dei ei ny fòr og myldar ned potetone (jordeple seier vi her). Ei ny fòr vert bròte og sådd og so mylda. Slik driv dei og sår annor kvar fòr til dei er ferdige med potetsåinga.
Hyppeplog er eit nytt namn her. Vi seier ikkje: å hyppe potetone, men å rauka jordepli. Dei brukar aren til å rauka eller hyppa potetone. Han er god til det, og arbeidet går sort. Serskild hyppeplog brukar vi ikkje.

4. Den ardtypa vi brukar her, liknar mest på nr. 1 og 3. Eg legg ved ei teikning. Skjakene eller skoklane var ikkje feste til sjölve arden, men til eit järnlekke. Styret er likt, men dei faste skoklane er ikkje kjende her. I skoklane var ein järnkjetting som dei hekta på ein krok eller i ei lykke fram i enden av arden. På den måten kunde dei brúka same skoklane til ard, horv og plog.

5. Som fòr er sagt, er den drag- eller skåktypen ukjend her. So langt folk kan minnast attende.

1925

6. Det lange böygde treet på arden vart kalla arekrupp eller arenekkje. Jarnet som gjekk i molda heitte: årejönnet (eit arejönn). Fyro vart brüka når dei braut åkeren for å bjota jorda betre, men öyro tok dei av, når dei raüka potetor.
7. Det er ükjent her. Dei brükte berre ein slag.
8. Som för er nemnt, brüka dei öyror på arden når dei braut åkeren og sådde potetor, men ikkje til raüking (hypping).
9. Haar aldri höyrt det.
10. Djüpleiken på fóra vart regülerenet på same vis som fig. 3 c.
11. Dei typone er ükjende her.
12 Ardane vart laga av bygdesmedar, likeins dei fyrste plogane. Det var lang og stråvsam veg til byen, so dei måtte greida seg sjölve i alt.

— —

13. Berre fabrükkplogar vert brüka no. Det er vel omlag 70 år sidan dei slutta med dei gamle heimgjorde plogane. So vidt eg hugsar, betala dei 2- og üpp til 3 spd. for ein plog.

14. Den typsen er ükjend her. Veltefjöla på dei eldste plogane var heilt av tre og rett med ein sole av jarn under. Dei er

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

heilt like fig. 12.

15. Han brūka helst ein spade til å reinska veltefjöla. Spaden var av tre (fūru) med ein jarnskonning nede i enden. Skonningen vart kalla: spajönn.

16. Plogen vart velt til motsette sida av veltefjöla.

17. Kan ikkje seia noko visst om det.

18. Det var högreplogar dei hadde, aldri tvo slag.

19. Djūpleiken var vel omlag 4 tummar. Det var skrale plogar og vart sers lite brūka her.

20. Ristil vart altsött brūkt på plog.

21. Er ikkje kjent her.

22. Dei köyrde han mykje på ein mykjaslede eller gjödselslede.

23. Den typen er kjend, men noko namn har eg ikkje höyrt på dei ploganne. Her var nokre gamle plogar av jarn. Dei vart kalla Olstadplogar, og var nok mykje yngre enn treploganne.

1925

1925

# Teikning av ein ard i Skapså, Telemark.




Åsen skulde vera lang og ha ein liten fin bögg ned. Då sökte arden meir til jorda.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING